

Tryggleik Moglegheiter Fellesskap




Framtida for Eidfjord

Arbeidarpartiet sin kjerneverdi er at alle skal ha same mogelegheit til å leva det gode liv i Noreg. Lokalt betyr det å byggja gode lokalsamfunn som inkluderande fellesskap der alle kjenner seg heima.

Eidfjord er ein god kommune å bu. Saman skapar me trivsel med aktivt å ta del i lokalsamfunnet vårt gjennom lag og organisasjonar, nærmiljøtiltak og møteplassar. Eidfjord kommune har ei viktig rolle i å leggja til rette for at alle innbyggjarane får gode tilhøve for aktive liv.

Det er behov for aktiv rekruttering for å sikra positiv folketalsutvikling i Eidfjord.



Eidfjord kommune skal vera ein open, serviceinnstilt og brukarvennleg organisasjon. Eidfjord Arbeidarparti skal sikra at kommunen som arbeidsgjevar involverer dei tilsette i viktige prosesser og gjev rask sakshandsaming. Kommunen skal ivareta tilsette sine rettar og gje tilbod om utdanning og kompetanseheving for å halda høg kvalitet.

Gode relasjoner og samhandling med nabokommunane er avgjerande for å lukkast som eigen kommune. Eidfjord skal vera ein påliteleg og ærlig samarbeidspartner for kommunane i Hardanger, Voss og indre Vestland.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- styrkja tilflyttararbeidet i kommunen
- vera ein aktiv aktør i Hardangerrådet og andre regionale samarbeidsorgan
- slå fast at Voss er Eidfjord sitt regionsenter
- leggja til rette for at innbyggjarar som treng det, får hjelp til den digitale kvardagen
- at det skal vera lett å orientera seg og få tenester utført i kommunen

Næring og verdiskaping – arbeidsplassar og arbeidsliv

Arbeidarpartiet har grunnlagt dagens norske velferdssamfunn, bygd på solidaritet, likeverd og delingsøkonomi. Trygge jobbar og løn å leva av, gjev trygg kvardag. Arbeidarpartiet vil at det skal bu folk i heile landet. Det betyr varierte arbeidsplassar i



distriktet der naturressursane vert henta. I Eidfjord er dette reiseliv, energi, offentleg sektor, landbruk og småskala produksjon.

Landbruket må få ein meir framtredande rolle for sysselsetjing og busetnad i Eidfjord, basert på ei berekraftig utnytting av Eidfjord sine naturressursar som aukar mattrystgleik og tek vare på kulturlandskapet.

Kommunen spelar ei avgjerande rolle i å leggja til rette for god næringsutvikling og er avhengig av ein god dialog med næringslivet for å lukkast med dette arbeidet. Oppstarthjelp og mentorordningar er viktig for å skapa nye arbeidsplassar.

Eidfjord kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass som klarar å sikra kompetansebehova i alle einingar.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- driva ein kunnskapsbasert og tverrfagleg nærings- og samfunnsutvikling som har som mål å auka den lokale sysselsettinga
- auka lokal verdiskaping av hyttebygging og cruiseturisme
- stimulera til nye driftsmodellar i det lokale landbruket
- handheva konsesjonslova strengt og konsekvent
- sikra tilgang til ekstern kompetanse for det lokale næringslivet
- tilretteleggja for berekraftig utvikling av Sysendalen med skisenter, løypekøyring og trygg ferdsel for mjuke trafikantar
- leggja til rette for ei framtdsretta VA-utbygging i Sysendalen
- støtteordningar for kommunalt tilsette som vil vidareutvikla kompetansen sin til beste for bygda
- tilby kommunale læreplassar til elevar og sommarjobbar til ungdom
- i samarbeid med næringslivet, leggja tilrette for husvîr til sesongarbeidarar

Klima og natur – ramma rundt vår politikk

Klima- og naturkrisa er vår tids største utfordring. Me treng ein rettferdig politikk som ser desse to utfordringane i samanheng og set dei som ramme for samfunnsutviklinga.

Lokalt vil me redusera klimagassutslepp, verna om verdifull natur, matjord og artsmangfald og ha oppdaterte planar for klimatilpassing. FNs berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet og grunnlaget for den lokale samfunns- og arealplanlegginga.

I 2022 vart verda einige om å stoppa menneskeleg øydelegging av naturen gjennom FN sin naturavtale. Naturpanelet peikar på nedbygging av natur som den viktigaste årsaka til tap av biologisk mangfald. I dag er over 20% av alle plante- og dyreartar i Noreg trua, deriblant villrein.

Tryggleik Moglegheiter Fellesskap



Hardangervidda er viktig for eidfjordingane, og me har eit stort ansvar for å verna om dei naturverdiane som finns her.

Eidfjord Arbeiderparti vil ha sterk lokal medverknad i villreinforvaltninga med bakgrunn i vår tradisjonelle og kulturelle bruk av Hardangervidda.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- styrkja fokus på klimaet og arealbruken i kommuneplanen for Eidfjord
- etablera eit landstraumanlegg for cruiseskip
- styrkja arbeidet for sirkulær- og delingsøkonomi
- vera pådrivar for å forbetra kollektivtilbodet, slik at det er eit reelt alternativ for innbyggjarane og andre reisande
- halda fram med gode støtteorderingar for energitiltak i bustader
- årleg ryddeaksjon mot forsøpling av Eidfjord
- tilretteleggja for grøntområde, verna strandsona og allemannsretten
- ivareta villreinen på Hardangervidda ved at dei har nødvendig leveområde
- verna om eidfjordingane sine rettar til jakt og fiske i Eidfjord statsallmenning og jobba for nyrekrytting til lokal hausting frå Hardangervidda

Helse og livskvalitet for alle

God helse og livskvalitet er viktig i alle livsfasar. Arbeiderpartiet meiner at satsing på førebyggjande folkehelsearbeid og eit velfungerande offentleg helsevesen er garantien for at alle uansett økonomi, skal få den livskvaliteten dei fortener.

Basistenester som fastlækjar, fysioterapi, helsesjukepleiar, skulehelseteneste og sosial tryggleik må gje tilbod nær brukarane. Bygdaheimen, heimetenestene og aldersbustadane vil yta innbyggjarane i Eidfjord nødvendig og profesjonell hjelp når behova melder seg. Dei mange spreke og aktive eldre i Eidfjord er ressursar som samfunnet må nytta seg av.

Arbeiderpartiet vil leggja til rette for at fleire vel helsesektoren som arbeidsplass.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- styrkja det førebyggjande folkehelsearbeidet i kommunen
- sikra tilpassa tenester i omsorgssektoren for pasientar i alle aldersgrupper
- syta for ei god og tilpassa eldreomsorg
- gje fulltidsarbeid for tilsette med ufrivillig deltid
- møta ungdom sine behov for psykisk og fysisk helsehjelp på deira premissar
- jobba for desentralisert tilbod innan tannhelse og høyrselteneste
- samarbeida med nabokommunane om sjukeheimsplassar til korttidspasientar ved overkapasitet, for mellom anna å halda på kompetansen på Bygdaheimen

- sikra framtida for terapibassenget i kommunen
- sikra ambulansestasjonen på Lægreid

Skule og oppvekst – ein god oppvekst varer heile livet

Barn og unge er framtida vår. Arbeiderpartiet sitt mål er at alle born skal veksa opp i tryggleik, uansett kven dei er og kvar dei kjem frå. Ein offentleg barnehage og fellesskulen med kvalifiserte tilsette er ryggrada for oppvekstsektoren i Eidfjord kommune og avgjerande faktorar for borna si læring og trivsel. Barnehagen og skulen i Eidfjord skal ta vare på heile menneske med meistring og utfordringar i ein trygg kvardag. Eidfjord har nulltoleranse for mobbing.

Balanse mellom praktisk og teoretisk læring må gje innblikk i ulike yrkesretningar og yrkesval. Gode og trygge oppvekstvilkår gjennom eit tverrfagleg ungdomsarbeid er grunnlaget for positive opplevingar som kan styrkja tilknytinga til heimstaden.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- innføra gratis mat i skule og barnehage
- prioritera arbeidet med oppgradering/fornying av Lægreid skule framfor andre investeringsprosjekt
- ha gratis SFO i 1. klasse
- at skulen skal tilby friluftsliv som valfag på ungdomstrinnet
- ha ferietilbod i barnehage og i skulefritidsordning for dei som treng det

Levande bygder – kultur, bustad og nærmiljø

Arbeiderpartiet vil jobba for eit samfunn bygd på tillit og tryggleik. Frivillig arbeid skapar møteplassar for folk i alle aldrar. Eit levande kulturliv medverkar til trivsel, integrering og utjamning av sosiale skilnader. Kulturskulen i Eidfjord er eit kommunalt tiltak som gjev born og unge godt grunnlag til å prøva og utvikla eigne evner.

Eidfjord treng bustader av ulik type og storleik for å få folketalsvekst. Arbeidarpartiet vil tilretteleggja for varierte bueiningar som einebustader, rekkjehus og leilegheiter. Det er fleire strøtomter i kommunen som kan nyttast. Kommunal medverknad er nødvendig for å få bygging i alle bustadområde.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- ha gratis kulturskule for born og unge
- sikra tilgang til eit variert tilbod av kulturaktivitetar for innbyggjarar i alle aldrar
- etablera fleire nærmiljøanlegg som fremjar fysisk aktivitet både for uorganisert og organisert idrett

- etablera utlån av utstyr til sport og friluftsliv i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar – «Dekanbu»
- ha større fokus på fattigdom og sosialt utanforskap
- greia ut konsekvensar av buplikt i kommunen
- fremja ei sentrumsutvikling med fokus på mjuke trafikantar
- tilretteleggja for byggjeklare tomter i alle deler av kommunen
- tilretteleggja for infrastruktur på Buplatået for næring og bustad
- klargjera byggjefeltet Vikehagen på Lægreid
- oppretthalda bustadtiskotet
- støtta lagslivet, barne- og ungdomsarbeidet til kyrkja og aktivitetscentra

Samferdsel og infrastruktur

Arbeidarpartiet meiner det skal vera enkelt å frakta varer og menneske rundt i Noreg. Målet om å skapa arbeidsplassar og levande lokalsamfunn i heile landet føreset god infrastruktur som veg, jernbane, fly og internett. For Eidfjord er gode og trygge vegar, funksjonell offentleg transport og raskt internett viktige faktorar. Det er viktig at Hardangerbru-effekten vert vidareført med tunellar på Rv 7 Hardangervidda. Auka tilførsel til Rv 7, også frå sør, betyr ein opprusta Rv 13 Bu-Kløve.

Eidfjord Arbeidarparti vil:

- prioritera tunnelar på Rv 7 Hardangervidda
- støtta ny E16 Bergen/Voss og utbygging på Rv 13 Bu mot Odda
- arbeida for rassikring på Rv 7 i Eidfjord kommune og på Fv 5096 Simadalsvegen
- arbeida for å fullføra gang- og sykkelvegen Eidfjord – Øvre Eidfjord
- fleire gangfelt over Rv 7 som ved Gamlenausta og Eidfjordvatnet
- korrespondanse med buss og tog Voss- Hardanger- Geilo i nytt anbod
- byggja gangbru over Eio ved Soget
- jobba for å opna gamlevegen i Måbødalen og hengjebrua ved Vøringsfossen